



MØTEBOK

Møtedato: 21.05.2015

Møtetid:

Kl. 11:00 – 12:15

Møtestad: Heradshuset

Saksnr.:

006/15 - 010/15

Desse medlemmene møtte:	Parti
Olav Moritsgård	
Sigrunn Lundestad	
Arnfinn Ommedal	
Hans Myklebust	
Karoline Råd	

Forfall/møtte ikkje	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Kristin Sandal	Sp	Dagfinn Nyhammer	H
Arnfinn Brekke	Krf	Ingen	

Ugilde	Sak	§ i forv.lova	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Olav Moritsgård
Frå adm. møtte:	– Sekretær Arne Eikenes – Helse- og omsorgssjef Anita Lothe
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Sjå sak 7/15!
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	Sakene 8/15-10/15 vart behandla i sammøte med rådet for funksjonshemma

Underskrifter:

Olav Moritsgård

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel
006/15	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
007/15	Referat og orienteringssaker
008/15	Det store heiltidsvalet - orientering
009/15	Seniortreff for eldre i Gloppen - ei orientering
010/15	Lokal frukt til bebruarane på omsorgssenteret m.fl.



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	21.05.2015	006/15

Avgjerd av: Eldrerådet	Arkiv: 033	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt:	15/712-1

Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Møteboka frå eldrerådet sitt møte den 16. mars i år blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

LEIAREN I RÅDET SI TILRÅDING:

1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 16. mars 2015
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 21. mai 2015.

21.05.2015 ELDRERÅDET

006/15 VEDTAK:

1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 16. mars 2015
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 21. mai 2015.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	21.05.2015	007/15
Avgjerd av: Eldrerådet	Arkiv: 033	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Arne Eikenes	Objekt:	15/711

Referat og orienteringssaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	15/5040	I	22.04.2015	Leiar i rådmannsgruppa i Nordfjord	Startegi for velferdsteknologi

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

21.05.2015 ELDRERÅDET

Sekretæren orienterte om at Statens vegvesen no har ansvaret for trafikkopplæringstilbodet Bilførar 65+. Tilbodet kjem i gang til hausten.

Eldrerådet meiner det for Gloppen sin del vil vere ei god ordning at trafikkstasjonen og eldrerådet samarbeider om tiltaket.

007/15 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	07.05.2015	009/15
Eldrerådet	21.05.2015	008/15
Rådet for funksjonshemma	21.05.2015	008/15
Helse- og omsorgsutvalet	26.05.2015	017/15

Avgjerd av: Fleire utval Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: 403	Arkivsaknr.: 13/1713-29
--	-------------------------------------	-----------------------------------

Det store heiltidsvalet - orientering

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

KS inviterte kommunane til å delta i prosjektet «Det store heiltidsvalet» og Administrasjonsutvalet i Gloppen kommune gjorde vedtak om at kommunen skulle søke deltaking i prosjektet, jf sak 021/13 datert 15.oktober 2013.

KS Sogn og Fjordane, Sykepleierforbundet, Delta og Fagforbundet er prosjekteigarar og har felles ansvar for prosjektet. Prosjekteigar fungerer også som styringsgruppe for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet inviterte kommunar til å delta på utviklingsverkstaden «Det store heiltidsvalet». Målet til prosjektet er å utvikle gode tenester gjennom å utvikle ein kultur for å arbeide heiltid i den enkelte kommune.

Einingane som deltek frå kommunen er Heimetenesta Hyen, Oreteigen, Åsavegen bu- og avlastning og Mona barnehage.

Orienteringa er ei oppdatering av framdrift og status i prosjektet:

Det fylkesdekkande prosjektet er no inne i slutfasen og det gjenstår ei samling i mai. Dei ulike prosjekta skal då presentere arbeidet som har vore gjort i dei ulike kommunane. Oppsummert har dette vore aktiviteten i Gloppen:

- Etablert prosjektgruppe og delteke på samlingane i regi av KS og fått mange viktige innspel og idear til arbeidet i prosjektet.
- Utarbeidde prosjektplan og sett mål for prosjektet i Gloppen.
- Avgrensa prosjektet til fire einingar i kommunen, vil gjere seg erfaringar i desse einingane.
- Oppretta arbeidsgruppe: Prosjektgruppa + hovudverneombod og hovduttillitsvalde i FO og NSF. Såg behovet for at dei tilsette var involvert i større grad.
- Kartlagt ynskjer om auka eller endra stilling, hausten 2014. Fleire har fått eller vil få auka stilling som eit resultat av kartlegginga.
- Informasjonsmøte i Trivselshagen om årsplan, november 2014.
- Kurs i årsplan på Nordfjordeid i februar 2015 der to personar frå Gloppen deltok.

- Arbeidsgruppa bestemte seg for å prøve ut årsplan.
- Inngått avtale mellom kommunen og tillitsvalde om årsplan.
- Barnehage og avlastning har lyst ut «kombi-stilling».
- Lyst ut faste stillingar i høg stillingsprosent når vi har hatt ledige vikariat(tenker at vi får behov for desse tilsette ein plass i tenesta).
- Fjerne «desimalar» frå ein del stillingar som er lyst ut.
- Parallelt med framdrifta i prosjektet har det vore initiativ frå politisk hold om å prøve ut faste vikarar i helse og omsorg for å forebygge slitasje og sjukefråvær. Det vart gjort eit politisk vedtak om å auke grunnbemanninga med 3 x 100% sjukepleiarstillingar i heimetenestene som eit prosjekt. Ein omdisponerer ressursar innan for vedteke budsjett. Dette vedtaket vart sett i samanheng med det store heiltidsvalet. Har tilsett 3 x faste 80-100% stillingar i heimetenesta.
- Det er skapt større engasjement rundt temaet heiltid/deltid i kommunen.
- Planlegg ei satsing mellom helse- og omsorg og oppvekst for å bygge opp fagmiljø / fagteam for å kunne rekruttere godt kvalifiserte personar i store stillingar. Desse skal arbeide med barn og unge med spesielle behov i barnehage, skule og avlastning. Dette tenker ein vil kunne bidra til auka moglegheit til heiltids-stillingar, kontinuitet i tenesta og auka kompetanse i tenesta.

Utfordringar:

- Ikkje alle tilsette ynskjer heiltids-stillingar, både i barnehage og helse-sektoren
- Tverr-sektoriellt samarbeid er meir utfordrande enn innanfor same sektor.

Konklusjonen i arbeidsgruppa er at dette har vore eit svært nyttig prosjekt med gode prosessar og samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Ein har vore løysingsorienterte og det er stor vilje til å sjå begge partar sine utfordringar og moglegheiter. Det er eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida. Sjølv om det er naturleg å avslutte arbeidet som prosjekt, vil helse- og omsorgssjef kalle inn til møter utover hausten for å evaluere erfaringar og samarbeide vidare om gode løysingar.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

..... tar saka til orienteringa.

07.05.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET

009/15 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tar saka til orienteringa.

Vedtaket var samrøystes.

21.05.2015 ELDRERÅDET

Helse- og omsorgssjefen orienterte.

008/15 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orienteringa.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	21.05.2015	009/15
Rådet for funksjonshemma	21.05.2015	009/15
Helse- og omsorgsutvalet	26.05.2015	016/15

Avgjerd av: Fleire Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: G00	Arkivsaknr.: 14/1873-8
--	-------------------------------------	----------------------------------

Seniortreff for eldre i Gloppen - ei orientering

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Gloppen kommune arbeider med å utvikle omsorgstenestene i tråd med blant anna føringane som ligg i Stortingsmelding nr 34(2012–2013), Folkehelsemeldingen og Stortingsmelding nr 29 (2012/2013), Morgendagens omsorg. Utviklinga med fleire eldre som vil trenge kommunale tenester og forholdsviss færre yrkesaktive ser vi også i Gloppen kommune. Dette krev at ein må arbeide annleis i framtida og samarbeid med frivillige vert eit viktig fokus.

I Gloppen har vi godt utbygde heimetenester, har eiga rehabiliteringsavdeling og er i gang med kvardagsrehabilitering. Vi har etablert frisklivssentral og driftar førebyggjande treningsgrupper for eldre. Vi arbeider også for å ta i bruk velferdsteknologi. Gjennom arbeidet med kvardagsrehabilitering har ein sett behovet for uformelle møteplassar for eldre som kan bidra til både fysisk og anna aktivitet samt fungere som ein sosial arena.

Eldrerådet i Gloppen har etterlyst ein koordinert innsats i kommunen for å utnytte den kapasiteten som dei meiner kan vere i frivillig innsats. Politisk leing i kommunen har også etterpurt ei slik satsing. Frivillegsentralen i kommunen har i lag med andre frivillegsentralar gjort ei undersøking i fht kva som skal til for å engasjere frivillige. Denne kunnskapen kan ein nytte i vidare arbeid med frivillige.

Med bakgrunn i dette og i samråd med Frivillegsentralen, Eldrerådet og Pensjonistlaget søkte ein om tilskot frå Helsedirektoratet frå tilskotsordninga; *Aktivitet seniorer og eldre*, og fekk innvilga kr 376 000.

Med bakgrunn i dette ynskjer ein no i samarbeid med sentrale frivillige organisasjonar og enkeltpersonar å få til lokale seniortreff der "unge" og "gamle" eldre i fellesskap kan drive både fysisk og anna aktivitet i eit sosialt fellesskap. Dette skal førebygge einsemd, passivitet og funksjonsfall som ein konsekvens av sosial tilbaketrekning og mangel på aktivitet og engasjement. I prosjektet ser ein for seg at målgruppa for seniortreff er både, yrkesaktive, "nypensjonistar" og dei som er eldre som bur i eigen bustad eller i omsorgsbustader. Vi tenker at "nypensjonistane" er ei gruppe med store ressursar som vil kunne vere med å drive aktivitet. Vi trur også at eit slikt engasjement vil vere positivt for den som yt frivillig innsats og vil fremme aktivitet og deltaking. Det har også kome innspel frå dei frivillige som går på å involvere vaksne yrkesaktive som kanskje er pårørande eller naboar til eldre og som har

motivasjon for å gjere noko for dei som dei kjenner. Dette vil bidra til møteplassar på tvers av generasjonar.

Ein ynskjer i prosjektet å ha eit sterkt fokus på organisering for å sikre varig drift. Ei utfordring som ein er klar over er at spesielt "nypensjonistar" ofte har ein travel kvardag med mykje reising og andre aktivitetar. Mange av desse ynskjer ikkje å binde seg til faste oppdrag kvar veke. Vi veit at å delta i frivillig arbeid er i endring og vi vil tilpasse oss dette. Vi ynskjer difor å få til ei ansvarsfordeling og etablere ein modell med «turnusordning» blant denne gruppa for at dei ikkje skal bli bundne til for faste tidspunkt. Dette håpar ein skal bidra til at ein får ei organisering som er bærekraftig over tid. For å få til dette ser vi at kommunen må ta eit initiativ for å få system og rutinar på plass.

Tilskotet vil delvis gå til lønn til prosjektleiar og andre involverte i prosjektet, samt frikjøpt tid for tilsette på Frivillegsentralen. Ein vil også stille med lokale og arrangere møtepunkt for å kartlegge behov og planlegge gode løysingar.

Tilbodet skal vere kostnadsfritt for dei eldre i prosjekt-perioden. Kanskje kan det vere aktuelt å betale noko for evt kaffi og bensin/transport.

Dette samarbeidet mellom kommunen og frivillige håper ein kan vere eit samarbeid ein kan bygge vidare på innanfor andre felt dersom vi lukkast. Vi håpar at ved ei slik organisering kan ein rekruttere yrkesaktive, nye pensjonistar og andre til frivillig arbeid utan at dette bind opp for mykje av deira fritid. Ein håpar også at ein ved å gjere eit grundig arbeid og kartlegging kan bidra til å etablere varige møteplassar med innhald som kan treffe mange personar i målgruppa.

Dette vil vere eit ledd i vårt arbeid med å innrette tenestene mot framtidens utfordringar. Aktive og deltakande eldre vil kunne motverke einsemd, passivitet og sosial tilbaketrekning. Aktivitet og deltaking gjev helsegevinst. Dette er positivt for det enkelte mennesket og samfunnet generelt.

Vi har etablert prosjektgruppe som består av tilsette i kommunen, Frivillegsentralen, representantar frå eldrerådet, pensjonistlaget og politisk leiing i kommunen. Ein har utarbeidd foreløpig milepælsplan og er i gang med å diskutere aktivitetane i prosjektgruppa. Det vert arbeidd med å få på plass prosjektleiar i prosjektet snarast mogleg.

Vi planlegge møtepunkt med frivillige lag og organisasjonar før sommarferien. Målet er å kome i gang med arbeidet med å etablere møteplassane rett etter sommarferien.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

..... tar saka til orientering.

21.05.2015 ELDRERÅDET

Helse- og omsorgssjefen orienterte.

009/15 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orienteringa.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	21.05.2015	010/15
Rådet for funksjonshemma	21.05.2015	010/15
Helse- og omsorgsutvalet	26.05.2015	020/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: 601	Arkivsaknr.: 14/1582-5
--	-------------------------------------	----------------------------------

Lokal frukt til bebuarane på omsorgssenteret m.fl.

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Denne saka er ei oppfølging av vedtak i sak 32/14:

Helse- og omsorgsutvalet ber rådmannen gå vidare i forhandlingane med Safari Engros om å handle epler frå Gloppen ut året. Ekstrakostnaden vert finansiert over helse- og omsorgssjefen sitt budsjett.

Helse- og omsorgsutvalet ber om å få utrekna kva ein slik ekstrakostnad utgjer på årsbasis for å kunne gjere grep i forhold til årsbudsjettet for 2015.

Vedtaket var samrøystes.

Saksutgreiing:

Det har vore arbeidd med å finne moglege løysingar på denne utfordringa sidan møtet i HOU 22.10.2014. Det er utfordrande med tanke på innkjøpsordning som er bindande, bestillingsordning og varenummer.

Etter samtale med grossisten Safari Engros, torsdag 9.4.15 kom kjøkkensjefen og Safari fram til semje om at Safari Engros så langt det er muleg kan kjøpe inn lokal frukt samstundes med henting av grønnsaker og bær. Dei kan leverer frukta på returen ved henting av tomgods frå Gloppen kommunale kjøkken. Ei forskyving av leveringstidspunktet som kjøkkenet skal kunne handtere, dersom leverandøren held avtalt tid.

Dette vil gjere leverandøren i stand til å levere på allereie oppretta varenummer og bestilling. Safari kjøper store mengder frukt og grønt i Gloppen som blir levert også til andre og er ein stor aktør for Gloppen-varer ut på marknaden. Dette er også viktig for lokale leverandørar og representerer stor mengde og verdi. Som eit eksempel kan nemnast at i 2014 henta Safari 12000 stk issalat i Gloppen, i tillegg til kål og alle bær som er mogleg å få tak i.

Det som er utfordrande er å finne eksakt prisforskjell då vi ikkje kjenner 2015-prisane i dag og prisane på frukt og grønt varierer frå veke til veke. Det vi veit sikkert er at lokal frukt med ekstra levering vil koste noko meir. 3-4 kr pr kilo har vore nemnt frå leverandøren, men er fortsatt usikkert grunna ukjend pris frå produsentane. Estimert mengde i produksjonen ved

Gloppen kommunale kjøkken totalt alle sortar (plomme, eple, pærer) vil vere ca 500 kg. Det er også avhengig av sesong og kvalitet, sidan det er varer med kort haldbarheit.

Dersom ein skal opprette nye varenummer har det ein ekstra kostnad, dette kan ein altså greie å ordne på gjeldande varenummer, men er då avhengig av at fruktbøndene set av ønska mengda til det lokale kjøkkenet. Dette må avtalast mellom Safari og eventuell seljar ved bestillingstidspunktet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Det er vanskeleg å seie med sikkerheit kva auka utgifter dette vil medføre. Med utgangspunkt i det ein veit per i dag; 500 kg x 4 kr/kg, kr 2000.- Denne auken vil utgiftsførast Gloppen kommunale kjøkken; Teneste 23400 Aktivisering og støttetjenester til eldre og funksjonshemma, art 11150 Matvarer.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen si vurdering er at denne ordninga vil gje ein forholdsvis liten auke i utgiftene og rår difor til at ein gjer avtale med Safari Engros som omtala tidlegare i saka.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Helse- og omsorgsutvalet ber rådmannen gjere avtale med Safari Engros om kjøp av lokal frukt. Ekstrakostnaden vert finansiert over helse- og omsorgssektoren sitt budsjett.

21.05.2015 ELDRERÅDET

010/15 VEDTAK:

Eldrerådet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

